**KOMMISJONSVEDTAK** **2016/EØS/12/54**

**av 30. november 2009**

**om endring av vedtak 2002/741/EF, 2002/747/EF, 2003/200/EF, 2005/341/EF, 2005/342/EF, 2005/343/EF, 2005/344/EF, 2005/360/EF, 2006/799/EF, 2007/64/EF, 2007/506/EF og 2007/742/EF med sikte på lenging av det tidsrommet som miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til visse produkt, skal gjelde for**

*[meldt under nummeret K(2009) 9599]*

(2009/888/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke([1]), særleg artikkel 6 nr. 1 andre leddet,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtane:

1) Kommisjonsvedtak 2002/741/EF av 4. september 2002 om fastsettelse av reviderte miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til kopieringspapir og grafisk papir og om endring av vedtak 1999/554/EF([2]) går ut 31. mai 2010.

2) Kommisjonsvedtak 2002/747/EF av 9. september 2002 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til lyspærer, og om endring av vedtak 1999/568/EF([3]) går ut 30. april 2010.

3) Kommisjonsvedtak 2003/200/EF av 14. februar 2003 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til tekstilvaskemiddel, og om endring av vedtak 1999/476/EF([4]) går ut 28. februar 2010.

4) Kommisjonsvedtak 2005/341/EF av 11. april 2005 om fastsetjing av miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll med omsyn til tildeling av fellesskapsmiljømerket til personlege datamaskiner([5]) går ut 31. mai 2010.

5) Kommisjonsvedtak 2005/342/EF av 23. mars 2005 om fastsettelse av reviderte miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til håndoppvaskmidler([6]) går ut 31. desember 2010.

6) Kommisjonsvedtak 2005/343/EF av 11. april 2005 om fastsetjing av miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll med omsyn til tildeling av fellesskapsmiljømerket til berbare datamaskiner([7]) går ut 31. mai 2010.

7) Kommisjonsvedtak 2005/344/EF av 23. mars 2005 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til allrengjøringsmidler og sanitærrengjøringsmidler([8]) går ut 31. desember 2010.

8) Kommisjonsvedtak 2005/360/EF av 26. april 2005 om fastsettelse av miljøkriterier og tilhørende krav til vurdering og kontroll for tildeling av fellesskapsmiljømerket til smøremidler([9]) går ut 31. juli 2010.

9) Kommisjonsvedtak 2006/799/EF av 3. november 2006 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll med omsyn til tildeling av fellesskapsmiljømerket til jordbetringsmiddel([10]) går ut 3. november 2010.

10) Kommisjonsvedtak 2007/64/EF av 15. desember 2006 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll med omsyn til tildeling av fellesskapsmiljømerket til dyrkingsmedium([11]) går ut 15. desember 2010.

11) Kommisjonsvedtak 2007/506/EF av 21. juni 2007 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til såpe, sjampo og hårbalsam([12]) går ut 21. juni 2010.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 318 av 4.12.2009, s. 43, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 154/2011 av 2. desember 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 15 av 15.3.2012, s. 44.

([1]) TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

([2]) TEF L 237 av 5.9.2002, s. 6.

([3]) TEF L 242 av 10.9.2002, s. 44.

([4]) TEU L 76 av 22.03.2003, s. 25.

([5]) TEU L 115 av 4.5.2005, s. 1.

([6]) TEU L 115 av 4.5.2005, s. 9.

([7]) TEU L 115 av 4.5.2005, s. 35.

([8]) TEU L 115 av 4.5.2005, s. 42.

([9]) TEU L 118 av 5.5.2005, s. 26.

([10]) TEU L 325 av 24.11.2006, s. 28.

([11]) TEU L 32 av 6.2.2007, s. 137.

([12]) TEU L 186 av 18.7.2007, s. 36.

12) Kommisjonsvedtak 2007/742/EF av 9. november 2007 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til elektriske, gassdrivne eller gassabsorpsjonsdrivne vamepumper([13]) går ut 9. november 2010.

13) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 er det i god tid vorte gjennomført ein revisjon av miljøkriteria og av dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som vart innførte ved dei nemnde vedtaka.

14) Ettersom revisjonen av desse vedtaka er på ulike stadium, bør det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde for, lengjast. Det tidsrommet som vedtak 2002/741/EF, 2003/200/EF, 2005/341/EF, 2005/343/EF og 2002/747/EF skal gjelde for, bør lengjast til 31. desember 2010. Det tidsrommet som vedtak 2005/342/EF, 2005/344/EF og 2005/360/EF skal gjelde for, bør lengjast til 30. juni 2011. Det tidsrommet som vedtak 2006/799/EF, 2007/64/EF, 2007/506/EF og 2007/742/EF skal gjelde for, bør lengjast til 31. desember 2011.

15) Vedtak 2002/741/EF, 2002/747/EF, 2003/200/EF, 2005/341/EF, 2005/342/EF, 2005/343/EF, 2005/344/EF, 2005/360/EF, 2006/799/EF, 2007/64/EF, 2007/506/EF og 2007/742/EF bør difor endrast.

16) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I vedtak 2002/741/EF skal artikkel 5 lyde:

*«Artikkel 5*

Miljøkriteriene for produktgruppen «kopieringspapir og grafisk papir» og de tilhørende krav til vurdering og kontroll skal gjelde til 31. desember 2010.»

*Artikkel 2*

I vedtak 2002/747/EF skal artikkel 5 lyde:

*«Artikkel 5*

Miljøkriteria for produktgruppa «lyspærer» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2010.»

*Artikkel 3*

I vedtak 2003/200/EF skal artikkel 5 lyde:

*«Artikkel 5*

Miljøkriteria for produktgruppa «tekstilvaskemiddel» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2010.»

*Artikkel 4*

I vedtak 2005/341/EF skal artikkel 3 lyde:

*«Artikkel 3*

Miljøkriteria for produktgruppa «personlege datamaskiner» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2010. »

*Artikkel 5*

I vedtak 2005/342/EF skal artikkel 3 lyde:

*«Artikkel 3*

Miljøkriteriene for produktgruppen «håndoppvaskmidler» og de tilhørende krav til vurdering og kontroll skal gjelde til 30. juni 2011.»

*Artikkel 6*

I vedtak 2005/343/EF skal artikkel 3 lyde:

*«Artikkel 3*

Miljøkriteria for produktgruppa «berbare datamaskiner» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2010. »

*Artikkel 7*

I vedtak 2005/344/EF skal artikkel 3 lyde:

*«Artikkel 3*

Miljøkriteriene for produktgruppen «allrengjøringsmidler og sanitærrengjøringsmidler» og de tilhørende krav til vurdering og kontroll skal gjelde til 30. juni 2011.»

([13]) TEU L 301 av 20.11.2007, s. 14.

*Artikkel 8*

I vedtak 2005/360/EF skal artikkel 4 lyde:

«*Artikkel 4*

Miljøkriteriene for produktgruppen «smøremidler» og de tilhørende krav til vurdering og kontroll skal gjelde til 30. juni 2011.»

*Artikkel 9*

I vedtak 2006/799/EF skal artikkel 6 lyde:

«*Artikkel 6*

Miljøkriteria for produktgruppa «jordbetringsmiddel» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2011.»

*Artikkel 10*

I vedtak 2007/64/EF skal artikkel 5 lyde:

«*Artikkel 5*

Miljøkriteria for produktgruppa «dyrkingsmedium» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2011.»

*Artikkel 11*

I vedtak 2007/506/EF skal artikkel 4 lyde:

«*Artikkel 4*

Miljøkriteriene for produktgruppen «såpe, sjampo og hårbalsam» og de tilhørende krav til vurdering og kontroll skal gjelde til 31. desember 2011.»

*Artikkel 12*

I vedtak 2007/742/EF skal artikkel 4 lyde:

«*Artikkel 4*

Miljøkriteria for produktgruppa «elektriske, gassdrivne eller gassabsorpsjonsdrivne varmepumper» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2011.»

*Artikkel 13*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 30. november 2009.

*For Kommisjonen*

Siim KALLAS

*Visepresident*